

Kven er næringslivet?

I norsk politisk debatt hører vi stadig om "næringslivet" som ønsker seg ditt og datt. Vi har ein stor og mektig organisasjon for kapitalistar som kallar seg "Næringslivets hovedorganisasjon", på tross av at han bare representerer ein liten del av næringslivet. Av ei avis med namn Klassekampen skulle ein vel kunne vente at dette blei avslørt, men i staden ser vi laurdag 10.09.2022 at ein bygger opp om vrangførestillingane både om kven næringslivet er og kva dei ønsker. I ein artikkel om utbygging av vindkraft og kraftkabler i Finnmark får vi først høre kven som er mot denne utbygginga, og så kjem det: *"mens næringslivet gleder seg over mer energi som kan gi arbeidsplasser."*

Kva for eit næringsliv? Fiskerinæringa, reindriftsnæringa, jordbruksnæringa, turistnæringa? Ingen av desse fire viktige næringane i Finnmark har gitt uttrykk for behov for meir energi. Derimot er det mange av dei som bekymrar seg for verknadane av den enorme utbygginga som no skjer i dei næringane som våre sentrale politikarar prioriterer: gruver, kraftutbygging, olje, hydrogen, datasenter og oppdrett. Desse satsingsnæringane har tre ting til felles: 1) Drifta deira skjer på kostnad av naturen og primærnæringane. 2) Dei er nesten 100 % eigd av kapitalistar utafrå, og 3) dei investerer for profitt, ikkje for arbeidsplassar. Arbeidsplassar er eit agn for å få med fagrørsla og lokalpolitikarane, men røynda er at dei ønsker å drive med minst mogleg bruk av arbeidskraft, og gjerne med importert billig arbeidskraft utafrå.

Påstanden i Klassekampen er derfor dobbelt feil, og vi forventar for framtida ei meir sjølvstendig analyse av avisa, ikkje eit ekko av NHO.

Svein Lund
Finnmark